

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Tysdag 08. juni 2021 kl. 12.00
Møtestad: Kommunestyresalen

SAKLISTE

13/2021 Godkjenning av møteprotokoll 27.04.2021
14/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Andrea Fardal Opseth,
tlf: 415 04 511 eller e-post andrea.opseth@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 01.06.2021

Frode Bekkestad
Leiar (sign)

Andrea Fardal Opseth
Sekretariat

Kopi:
Ordfører
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 13/2021 Godkjenning av møteprotokoll 27.04.2021

Sakshandsamar Andrea Fardal Opseth	Møtedato 08.06.2021	Saknr 13/2021
--	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 27.04.2021 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	27.04.2021	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 27.04.2021

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 27.04.2021

Møtetid: Kl. 11:00-14:30

Møtestad: Rådhuset, kommunestyresalen

Saksnr.: 08/2021 – 12/2021

Følgjande medlem møtte	Parti
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Siri Larsen Ramsøy	Ap	Elisabeth Vindedal	AP
Erna Underdal Skarsbø	SP	Sturle Ryum	SP

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Frode Bekkestad
Frå sekretariatet møtte:	Harald Mo, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Rådmann
Frå revisjonen møtte:	Rune Mydland, KPMG
Andre som møtte:	
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
08/2021	Godkjenning av møteprotokoll 23.02.2021	O
09/2021	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O
10/2021	Årsmelding og årsrekneskap Aurland kommune 2020	O
11/2021	Budsjett til forvaltningsrevisjon	O
12/2021	Årsmelding og årsrekneskap Aurland Hamnevesen KF	O

Sak 08/2021 Godkjenning av møteprotokoll 23.02.2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Andrea Fardal Opseth	27.04.2021	08/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 23.02.2021 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	23.02.2021	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 23.02.2021

27.04.2021 KONTROLLUTVALET

SAK-08/2021 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 23.02.2021 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 9/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Andrea Opseth	Møtedato 27.04.2021	Saknr 9/2021
---------------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	15.03.2021	Kjell Nordgulen	Journalføring av post og dokumentbehandling etter forvaltningsloven
2	15.03.2021	Kommunal- og moderniseringsdepartement	Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften
3	20.04.2021	Anonym	Anonymt brev til kontrollutvalet (sladda versjon, adressa er fjerna)

27.04.2021 KONTROLLUTVALET

Orienteringar:

Drøftingssaker:

Basert på notat frå Kjell Nordgulen drøfta kontrollutvalet om ein ynskjer ei formell orientering frå kommunen knytt til skisserte moment i neste møte. Kjell Nordgulen la fram forslag til vedtak som vart drøfta i møtet.

Møtet vart lukka under handsaming av vedlegg 3.

SAK-09/2021 VEDTAK:

Kontrollutvalet ber om at rådmannen i neste møte gjer greie for kommunen sine rutiner for føring av postjournal og dokumenthandsaming, og spesielt korleis sakene knytt til Bergset og Hauståker har vorte journalført og svara på i samsvar med kommunen sitt internkontrollsystem.

Kontrollutvalet ber om å få følgjande oversendt før møtet:

- rutine og prosedyrane for føring av postjournal og dokumenthandsaming
- ei vurdering av om rutinar og prosedyrar er følgt på ordførar sitt svar til Bergset og på brevet frå Hauståker som kommunen ikkje har svara på
- rutine og praksis for arkivering av epostar og andre meldingar.

Kontrollutvalet har motteke ei anonym melding. Meldinga vert sendt vidare til rådmannen til handsaming. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå rådmannen på endeleg handsaming av meldinga.

Kontrollutvalet fastset eit prinsipp om å ikkje handsame anonyme varsel. Varslar kan bli unntekte offentlegheiten i handsaminga, men kontrollutvalet må kjenne identiteten til vedkommande for å handsame anonyme varsel.

Øvrige skriv og meldingar vart teke til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 10/2021 Årsrekneskap og årsmelding Aurland kommune 2020

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Andrea Opseth	27.04.2021	10/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2020 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	27.04.2021	Kontrollutvalet	Uttale frå kontrollutvalet til rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast).
2	April 2021	Aurland kommune	Årsrekneskap og årsmelding 2020
3	27.04.2021	KPMG	Revisjonsmelding

27.04.2021 KONTROLLUTVALET

Rådmann orienterte om rekneskapen.

Kontrollutvalsleiar retta spørsmål til rådmann om overskriding på rådmannsfunksjonen, inntekter knytt til ressurskrevjande brukarar, ikkje avslutta byggesaker og bemanningssitasjonen. Kontrollutvalsleiar ba om at utbyte i rekneskapen vart spesifisert på kven utbyttet kjem frå.

Revisor gav ei orientering om revisjonen av rekneskapen.

SAK-10/2021 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2020 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 11/2021 Budsjett til forvaltningsrevisjon

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Andrea Opseth	27.04.2021	11/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet ber kommunestyret om fornya vurdering knytt til midlar til forvaltningsrevisjon i revidert budsjett.

VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
1	07.04.2021	Frode Bekkestad	Notat vedr. Budsjettmidler til KU
2	23.06.2021	Sekretariatet	Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2021
3	01.08.2021	Aurland Kommune	Budsjett kontrollutval og revisjon 2021
4	23.02.2021	Sekretariatet	Oversikt over vedteke budsjett vs. Kontrollutvalet sitt framlegg

27.04.2021 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet diskuterte saka. Sekretariatet orienterte om forbruk av ressursar i kontrollarbeidet i kommunen for 2020 og hittil i 2021, samt sekretariatet sin ressursbruk frå 2017 og fram til 2021.

SAK-11/2021 VEDTAK:

Kontrollutvalet ber om ein status på sekretariatet sin ressursbruk hittil i år til neste møte.

Med bakgrunn i at kontrollutvalet si innstillinga til budsjett ikkje fulgte med saka til kommunestyret, ber kontrollutvalet kommunestyret om fornya vurdering knytt til midlar til forvaltningsrevisjon i revidert budsjett.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutval i Aurland Kommune

Sak 12/2021 Årsrekneskap og årsmelding Aurland Hamnevesen KF 2020

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Andrea Opseth	27.04.2021	12/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2020 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	27.04.2021	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet (utkast).
2	April 2021	Aurland Hamnevesen KF	Årsmelding 2020
3	April 2021	Aurland Hamnevesen KF	Årsrekneskap 2020
4	15.04.2021	KPMG	Revisjonsmelding

27.04.2021 KONTROLLUTVALET

Revisor svara på spørsmål frå kontrollutvalsleiar knytt til honorar databistand.

SAK-12/2021 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2020 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 14/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Andrea Opseth	Møtedato 08.06.2021	Saknr 14/2021
---------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1a	28.05.2021	Aurland kommune	Arkivrutinar og dokumenthandsaming
1b	28.05.2021	Aurland kommune	Reglar for sakshandsaming i Aurland kommune
2a	28.04.2021 04.05.2021	NCOM	Klage - val av leverandør Tilleggsnotat – brot på reglane om karensperioden
2b	10.05.2021 07.05.2021	Aurland Hamnevesen Aurland Kommune	Reinhald Gudvangen – svar på klage av leverandør Vurdering av habilitet
3a	31.05.2021	Sekretariatet	Samanstilling av kontrollutvalet sitt budsjett, vedteke budsjett og reknskapsført beløp
3b	22.03.2021	Sekretariatet	Oversikt over faktura relatert til gransking
3c	03.05.2021	Kontrollutvalsleiar	E-post i frå kontrollutvalsleiar til sekretariatet
3d	15.04.2021	Aurland kommune	Budsjett til kontrollutval – ny vurdering
3e	11.05.2021	KPMG	Forvaltningsrevisjon Aurland kommune
4a	28.05.2021	Aurland kommune	Konsolidert reknskap 2020
4b		KMPG	Revisormelding, konsolidert reknskap (ettersendast)
5	25.05.2021	Monica H. Skjerdal	Ikkje offentleg, offl. §13
6	30.05.2021	Lars Arne Stundal	Svar på avvisning om kravet om refusjon av meirutgifter for utarbeiding av dispensjonssøknad
7	Mai 2021	Aurland kommune	Tertialrapport 1. tertial 2020 (ettersendast)

Orienteringar:

Rådmannen orienterer om:

- Arkivrutinar og dokumenthandsaming, ref. kontrollutvalet sitt vedtak 09/2021.
- Endeleg handsaming av anonym melding behandla i møtet 27.04, ref. kontrollutvalet sitt vedtak 09/2021
- Tertialrapport 1. tertial 2020

Drøftingsaker:

- Handsaming av saker i formannskapet, som er unntatt offentlegheita. Kontrollutvalsleiar har løfta spørsmål kring formannskapet sin grad av lukka møter, og informasjon unntatt offentlegheita.

Forslag til vedtak, vedlegg 2a og 2b:

Kontrollutvalet har i kopi motteke sak på klage på val av leverandør, knytt til reinhaldstenester i Gudvangen. Det er i tillegg røyst spørsmål kring habiliteten til hamnesjef, og brot om reglane om karenperioden. Kontrollutvalet merkar seg at habilitetsspørsmålet er handsama av Aurland hamnestyre, og at klagen er svara ut. Kontrollutvalet har ingen merknadar til saka, og vil påpeike at saka kan sjåast som ei enkeltsak som er lite naturleg skal handsamast av kontrollutvalet.

Saksutgreiing vedlegg 3, kontrollutvalet og sekretariatet sin ressursbruk:

Vedlegg 4a syner kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett, vedteke budsjett for 2020 og rekneskapsført beløp i 2020.

Sekretariatet har totalt sett fakturert for 179 691,- innanfor den ordinære avtalen i 2020. Det er kun faktura knytt til arbeid med utlysing av anbod på revisjon som ikkje er budsjettert. Dette er fakturering av tilleggsarbeid i samsvar med vilkåra i avtalen om sekretariatsfunksjonen. Vedlegg 4a syner vidare at ein er godt innafor budsjetttrammene som er avsett til kontrollutval, og midlar til revisjon. Konklusjonen er derfor at kontrollutvalet er innanfor sine budsjetterte midlar for 2020.

Hittil i år (2021) er det rekneskapsført kroner 232 468,- på sekretariatsfunksjonen. Av desse er 186 477,- arbeid som ikkje er budsjettert, knytt til dei omtala granskings sakene. Her vart det gjort vedtak i kommunestyret 10. desember 2020 om at sekretariatet skulle gjere greie for behovet for granskning. Desse er fakturert som tilleggsarbeid i samsvar med vilkåra i avtalen om sekretariatsfunksjonen (vedlegg 3b). Totalt sett gjekk det 15 timar til granskingsarbeidet i 2020, og 126 timar i 2021. Dersom ein trekk dette frå, og ser på det ordinære sekretariatsarbeidet er det hittil rekneskapsført 45.991,- av 185.000,- som er budsjettert i 2021.

Hittil i 2021 er det rekneskapsført 41.461 kroner på revisjon, mot budsjetterte 200.000,-. Beløpet på 41 461,- er slutfakturaen på eigarskapskontrollen av Aurland Eige og Aurland Ressursutvikling. For kontrollutvalet er det rekneskapsført 18 250,- mot budsjetterte 91 000,-

Konklusjonen er derfor at kontrollutvalet pt. er innanfor sine budsjetterte midlar for 2021.

Kommentarar til timebruk til sekretariatet, som omtala i kommunestyresak 023/21 og etterspurt av kontrollutvalsleiar:

I den ordinære avtalen om sekretariatstenester er det lagt til grunn omlag 138 timar pr. år pr. kommune.

Oversikta under syner timar knytt til ordinært kontrollutval 2017-2020 i Aurland kommune (eks. 141 timar til utgreiing av gransking):

Sum timar 2017	127
Sum timar 2018	118
Sum timar 2019	131
Sum timar 2020	265
Sum timar 2021	102 (pr. 30. mai)

Oversikta syner ei auka i timebruk i overgangen frå 2019 til 2020. Det er viktig å presisere at det auka timeforbruket ikkje vert reflektert i kostnadane, ettersom PwC og Aurland Kommune med dagens rammer har inngått fast avtale om tenestene. Ift. med opsjon og forlenging frå 01. juni kan det komme endringar på dette.

Det er ikkje mogleg å gjere greie for i detalj kva som skuldast det auka timeforbruket. Under er det trekt ut nokre moment som kan forklare meirforbruk frå sekretariatet si side sidan 2020:

- Enkelt saker som vert sendt til kontrollutvalet
- Bestillingar frå kontrollutvalsleiar til sekretariatet
- Dei to momenta over medfører auka saks kompleksitet, auka tid for utarbeiding av saksdokumentasjon og auka møtetid pr. møte.
- Enkeltvis oppfølging/telefonoppfølging

Basert på at det kan komme endringar i dagens avtale om sekretærtjenester, kan det derfor framover vere viktig å:

- Sette klare rammer for kva saker ein behandlar i kontrollutvalet
- Vurdere kva saker ein ber sekretariatet om å utrede

Forslag til vedtak, vedlegg 4a:

Kontrollutvalet handsama i møtet 27. april 2021 årsmelding og årsrekningsrapport til Aurland kommune, samt årsmelding og årsrekningsrapport til Aurland Hamnevesen. Basert på denne handsaminga, tar kontrollutvalet det konsoliderte rekningsrapportet til vitande.

Forslag til vedtak, vedlegg 5:

Sekretariatet foreslår å vise til dette som enkelt sak, og at saka vert sendt vidare til rette vedkommande i kommunen.

Forslag til vedtak, vedlegg 6:

Kontrollutvalet ber om orientering frå rådmann knytt til saka i neste møte.



Aurland kommune Rådmannen

Til:
Beathe Ekhall Stentvedt
Steinar Søgard

NOTAT

Arkivsaknr.:
2019000085-6

Arkiv
K1-064

Sakshandsamar
Margunn Tolleshaug, 971 36 237

Dato
28.05.2021

Arkivrutinar og dokumenthandsaming

Viser til spørsmål frå kontrollutvalet om arkivrutinar og dokumenthandsaming.

Rutine og prosedyre for føring av postjournal og dokumenthandsaming

Postjournal

Når dokument er journalført, vert dei tilgjengeleg på postlista/innsyn.

Eigenproduserte dokument type U (utgåande brev) , N (notat), X (notat) vert tilgjengeleg/publisert på innsyn i fulltekst.

I normalsituasjon går det 2 – 3 døgn frå journalføring til postlista er tilgjengeleg på nettet.

Dokumethandtering

Viser til vedlgate reglar for sakshandsaming i Aurland kommune.

Rutine og praksis for arkivering av e-postar og andre meldingar:

E-post til offisielt epostmottak:

Arkivet registrerer arkivverdig e-post i kommunen sitt sak-/arkivsystem på aktuell sakshandsamar og journalfører.

E-post som vert vurdert som ikkje arkivverdig dokument, vert vidaresendt til aktuell mottakar og sletta.

E-post sendt direkte til sakshandsamar:

Sakshandsamar tek arkivverdig e-post inn i kommunen sitt sak-/arkivsystem. E-posten vert deretter journalført av arkivet.

Andre meldingar direkte til sakshandsamar

Sakshandsamar opprettar notat på arkivverdige meldingar mottatt på SMS osv/munnleg. Oppretta journalpost vert journalført av arkivet.

Arkivplan – Aurland kommune

Viser til arkivplanen til Aurland kommune for utfyllende informasjon:

<https://aurland.arkivplan.no/content/view/full/269416>

Den gjev bindande retningsliner for all handsaming av informasjon og dokumentasjon i Aurland kommune. I arkivplanen er ansvar og rutinar oppdelt for leiar, sakshandsamar og arkivpersonale.

Arkivlova med forskrifter ligg til grunn for retningslinene.

Arkivplanen til kommunen vart administrativt vedteke 28.09.2016. Det er mål om å starte arbeidet med oppdatert versjon i løpet 2021.

Margunn Tolleshaug
Arkivleiar

Vedlegg:
28.05.2021 Reglar for sakshandsaming i Aurland kommune



Reglar for sakshandsaming i Aurland kommune

Fastsett av rådmannen 17.03.2021

Formålet med desse reglane er å sikre høg kvalitet, tilstrekkeleg medverknad og god flyt i sakene. Føresegnene må praktiserast med fornuft og tilpassast dei enkelte sakene sitt innhald og omfang.

Innhald

Kapittel I: Omfang og generelle reglar	2
§ 1-1 Reglane sitt verkeområde	2
§ 1-2 Opphavet til ei sak.....	2
§ 1-3 Fullført sakshandsaming.....	2
§ 1-4 Godt og tydeleg språk	2
§ 1-5 Avklaringar med politisk nivå	2
§ 1-6 Tid til politisk arbeid m.m.....	3
Kapittel II: Saksutgreiing og tilråding.....	3
§ 2-1 Generelt.....	3
§ 2-2 Ulike sakstypar	3
§ 2-3 Innhaldet i ei sak.....	4
§ 2-4 Bruk av vedlegg	5
§ 2-5 Ettersending og nye opplysningar.....	5
§ 2-6 Spesielt om dispensasjonssaker	5
Kapittel III: Møtebehandling og kontakt med folkevalde.....	6
§ 3-1 Kven møter i utvala	6
§ 3-2 Kontakt med politikarar	6
§ 3-3 Møtedokumenta	6
§ 3-4 Melding om vedtak.....	6
§ 3-5 Vedtaksoppfølging.....	7
Kapittel IV: Spesielt om administrative vedtak mm.	7
§ 4-1 Vedtaksmynde og ekspedering av vedtak.....	7
§ 4-2 Klage og klagebehandling.....	7
Kapittel V: Endringar og iverksetting.....	7
§ 5-1 Endringar	7
§ 5-2 Iverksetting.....	7

Kapittel I: Omfang og generelle reglar

§ 1-1 Reglane sitt verkeområde

Desse reglane gjeld hovudsakleg sakshandsaming for politiske organ i Aurland kommune, men skal også brukast i saker der vedtak blir gjort administrativt. Reglane er ei utdjuping av rådmannen si utgreiingsplikt mm. etter [§ 13-1 i kommunelova](#).

Reglane i kap. III kjem i tillegg til reglementet for politiske organ i Aurland.

§ 1-2 Opphavet til ei sak

Behov for å lage ei sak kan kome frå sentrale myndigheiter, lokale vedtak, administrative vurderingar eller initiativ frå innbyggjarar. Det er i regelen tenesteleiar/sakshandsamar som fangar opp saker innan sitt område. Det er naudsynt å prioritere kva saker som skal førebuast til politisk handsaming til det einskilde møtet.

§ 1-3 Fullført sakshandsaming

Alle saker som blir lagd fram for folkevalde organ skal skrivast etter prinsippet om fullført saksbehandling. Det betyr at saker som skal handsamast av fleire politiske organ skal ha same saksframstilling og tilråding frå rådmannen.

Rådmannen overprøver ikkje politiske vedtak. I saker som skal behandlast av fleire organ vil dette seie at rådmannen som hovudregel ikkje gjev nye opplysningar eller merknader i saka etter at utvalet og/eller formannskapet har gjort vedtak i ei sak som skal til kommunestyret sjølv om rådmannen er usamd i vedtak som er gjort. Rådmannen skal likevel opplyse avgjerdsorganet om eventuelle ulovlege vedtak. Om rådmannen blir merksam på faktiske eller rettslege forhold som har sentral betydning for iverksettinga av eit vedtak, skal det folkevalde organet gjerast merksam på dette på ein eigna måte.

§ 1-4 Godt og tydeleg språk

Aurland kommune er ein nynorskkommune, og all sakshandsaming skal skrivast på nynorsk. Sakshandsamar skal vektlegge godt språk og unngå upresise formuleringar og uttrykk. Ikkje bruk «ein» eller «vi/me» som personleg pronomen. Faguttrykk og forkortingar skal forklarast. Legg vekt på å skrive kort. Alle saker skal vere fagleg, sakleg og utgreiande, ikkje politiserande. Det skal lesast korrektur av alle saker som skal til politisk handsaming.

Hovudformålet med all saksutgreiing er å presentere ei problemstilling på ein slik måte at dei som skal ta stilling til saka og alle andre forstår kva saka gjeld. Sakshandsamar må hugse på at saka også skal forståast i ettertid av andre enn dei som var med på å handsame saka.

§ 1-5 Avklaringar med politisk nivå

Alle folkevalde skal sikrast lik tilgang til informasjon/vedtaksgrunnlag knytt til saker som skal leggest fram til politisk handsaming.

For å sikre at utgreiingskapasiteten blir brukt effektivt og i tråd med politiske prioriteringar er det viktig at førespurnadar frå politikarar vert gjort gjennom folkevalde organ. Utgreiingsoppgåver kan berre påleggast administrasjonen gjennom politiske vedtak (ikkje gjennom signal).

Dersom det grunna manglande kapasitet er naudsynt å prioritere mellom oppgåver eller oppdrag til administrasjonen skal dette takast opp og avklarast med den politiske leiinga.

Administrasjonen skal etter førespurnad frå politikarar, til liks med førespurnadar frå innbyggjarar, hente inn og formidle faktainformasjon når dette er lett tilgjengeleg og ikkje krev for mykje tid.

Når ein folkevald ynskjer å ta opp ei sak og starte eit saksarbeid:

- Det skal føreligge ei avgjerd frå eit folkevald organ som gir grunnlag for oppstart
- Møteleiar kan be om ei sak. Møteleiar skal då ta kontakt med rådmannen (ikkje sakshandsamar)

§ 1-6 Tid til politisk arbeid m.m.

Dei folkevalde i Aurland er – med unntak av ordføraren – «fritidspolitikarar» som i hovudsak driv politikk på fritida. Det betyr at saker til møte skal gjerast klare i god tid. Saklistene til møta skal seinast vere klare to arbeidsdagar før utsending av innkallinga. Innkallinga vert som hovudregel sendt ut til dei folkevalde sju dagar før møtet, og ikkje seinare enn seks dagar før møtet. Tidleg utsending av saker er også viktig av omsyn til pressa og folk flest for at sakene skal kunne omtalast og diskuterast før vedtak blir fatta. Eventuelle ettersendingar av saker skal berre skje når særlege omsyn talar for det og vere avklara med rådmannen og møteleiar på førehand. Saker som ikkje er med i innkallinga til møtet, kan ikkje takast opp til realitetsavgjerd viss møteleiaren eller 1/3 av forsamlinga sett seg imot det (jf. kommunelova § 11-3, 5. avsnitt).

Kapittel II: Saksutgreiing og tilråding

§ 2-1 Generelt

All sakshandsaming skal vere skriftleg og gjerast i det sak-/arkivsystemet som til ei kvar tid er godkjend av rådmannen. Malane som er laga til skal brukast. Kommunen sitt sakshandsamarprogram for folkevalde organ er Acos WebSak.

Vanlegvis skal ei sak til kommunestyret vere handsama av minst eit underordna organ først (tovegs handsaming). Dette gjeld oftast formannskapet eller fagutval der dei er gitt sjølvstendig innstillingrett jf. delegeringsreglementet. Fagutvala og lovpålagde råd bør i tillegg nyttast aktivt til å gje uttalar innan sine ansvarsområde i saker der dei ikkje er tillagd sjølvstendig innstillingsmynde.

Eit underordna organ kan ikkje overstyre vedtak og prioriteringar gjort av eit overordna organ. Saka må då attende til same nivå.

§ 2-2 Ulike sakstypar

Administrative saker vert vedtekne administrativt jf. gjeldande reglar for delegering og evt. rapportert til aktuelt politisk organ.

Standardisere titlar på delegerte saker som ikkje skal rapporterast til politisk organ. Eining – type – årstal – nummerserie - tittel. Sentralarkivet lager forhandsdefinerte koder på eining og type.

Politiske organ kan drøfte det prinsipielle ved administrative vedtak og ved behov kome med merknadar, til dømes om dei meiner lokale reglar / planar eller andre styringsverktøy som vedkjem sakshandsaming av denne typen av saker bør reviderast politisk.

Referatsaker og orienteringar i politiske organ skal som hovudregel føreligge skriftleg som notat eller liknande, men kan unntaksvis leggjast fram munnleg etter avtale med rådmannen. I utgangspunktet vert denne sakstypen nytta for å halde politikarane informert om administrative prosessar og innspel frå eksterne der det er naturleg.

Type orientering (munnleg eller skriftleg) skal kome fram av møteboka. Skriftleg orientering skal arkiverast og refererast til i møteboka.

Politiske saker skal leggjast fram med innhald ref. pkt. 2-3. Med unntak av innstilling frå kontrollutvalet og i samband med val av personar til verv.

§ 2-3 Innhaldet i ei sak

Med sak er her meint saksframlegg.

Saksframlegg frå rådmannen skal vere logisk og fagleg rasjonelt.

Saksdokumentet skal ha ei presis overskrift (tittel) som gjer greie for kva saka gjeld. Sakhandsamar vurderer og er ansvarleg for evt. gradering.

Alle saker – som ikkje er reine orienterings- eller drøftingssaker – skal innehalde desse delane:

- **Kort samandrag**
Eit kort samandrag om saka sitt innhald og konklusjon.
- **Tilråding til vedtak**
Ei sak skal innehalde tilråding frå rådmann. Eit enkeltvedtak skal alltid grunnjevast jf. forvaltningslova § 24, særskilt viktig ved avslag.
I saker av økonomisk karakter, skal kostnadsdekking inngå som ein del av tilrådinga.
I dei tilfelle tilrådinga endrar på tidlegare vedtak, skal det takast med eit punkt om oppheving av tidlegare vedtak, eller delar av dette vedtaket.
Unntaksvis kan rådmannen legge fram alternative tilrådingar. Rådmannen legg til vanleg ikkje fram tilråding i saker som gjeld val av enkeltpersonar.
- **Vedlegg**
Legg ved berre heilt naudsynte vedlegg av god kvalitet.
- **Uprenta vedlegg i saka**
Dokument som ikkje vert lagt ved som vedlegg, men som kan vere relevant for saka.
- **Aktuelle lover, forskifter, avtalar m.m.**
Dette kan vera lovheimel, vedtekne mål, tidlegare relevante vedtak og budsjett / økonomiplan.
- **Saksopplysningar**
Her skal ein skrive inn faktaopplysningar.
- **Økonomiske konsekvensar**
Skal vurderast opp mot budsjett og økonomiplan.
- **Vurdering**
Faglege vurderingar skal alltid gå fram av saksutgreiinga. Der det kan vere naturleg å vurdere fleire løysingar, skal det gjerast greie for konsekvensane ved val av alternativ. Det kan vera juridisk, organisasjonsmessige, personalmessige, samfunnsmessige, etiske eller faglege konsekvensar for tidlegare vedtak.

§ 2-4 Bruk av vedlegg

Bruk av vedlegg skal avgrensast så mykje som råd, men er nødvendig i saker med geografisk tilvising og i saker der vedlegget skal godkjennast eller takast stilling til. Vedlegget skal gjevast eit leseleg og fornuftig namn, og skal leggest inn i saksdokumentet på tillaga plass i ei logisk rekkjefølgje.

Alle vesentlege opplysningar i ei sak skal stå i saksutgreiinga. Viss det i utgreiinga blir vist til vedlegg, skal dette berre vere for utfyllande opplysningar. Om dokument som vedkjem saka er tilgjengeleg elektronisk skal desse som hovudregel leggest inn manuelt under uprenta vedlegg som hyperlenke.

§2-5 Ettersending og nye opplysningar

Hovudregel er at det skal ikkje skal ettersendast nye dokument etter at innkalling er sendt, jfr. prinsipp om fullført sakshandsaming. Evt. ettersending av nye saksopplysningar skal avklarast med rådmann.

§ 2-6 Spesielt om dispensasjonssaker

Saker som gjeld dispensasjon frå planar og lovverk har strenge krav til grunngjeving. Det må gå tydeleg fram av saksutgreiinga korleis rådmannen har vurdert fordelar og ulemper i saka.

Dersom utvalet ønskjer å gje dispensasjon mot rådmannen si tilråding, må rådmannen, om nødvendig med hjelp frå saksbehandlar, rådge utvalet slik at vedtaket i den grad det er mogleg blir grunngjeve i samsvar med [§ 19-2 i plan- og bygningslova \(pbl\)](#).

Dispensasjonssøknader i LNF-område (Landbruk, Natur- og Friområde) skal alltid sendast Statsforvaltaren og fylkeskommunen, og ved behov NVE, Statens vegvesen, Fiskeridirektoratet, Aurland hamnevesen KF og eventuelt andre regionale mynde som kan ha relevante opplysningar om saka/området. I oversendingsbrevet skal det gjerast tydeleg greie for innhaldet i søknaden og planstatus i området. I brevet bør det også gjevast ein enkel omtale av området dersom dette ikkje følgjer søknaden, og det skal leggest ved gode kart som gjer det enkelt for høyringspartane å orientere seg. Det skal opplysast om høyringsfrist, jf. pbl. § 21-5. Oversending skal skje snarast råd etter mottak av komplett søknad. Høyring kan unntaksvis sløyfast for kurante dispensasjonssaker som heilt opplagt ikkje har noko å seie for regionale interesser.

Før søknaden blir behandla etter plan- og bygningslova skal søknaden behandlast etter jordlova, veglova, ureiningslova og vurderast av kommunen som vatn- og avlaupsmynde. Vegmynde er Statens vegvesen for riksvegar, fylkeskommune for fylkesvegar og kommunen v/ teknisk for kommunale vegar. I tillegg er Statens vegvesen sektorstyresmakt for alle vegar. Dette kan skje administrativt eller politisk avhengig av søknaden sitt omfang. Dersom behandlinga etter jordlova fører til avslag, er det ikkje aktuelt å behandle dispensasjonssøknaden. Ved utsending av positivt jordlovsvedtak til søkjar, skal det opplysast om behandlinga som står att, og at endeleg utfall av saka ikkje er gjeve.

Løyve etter jordlova er eitt av fleire kriterium som må vere på plass for at det kan gjevast dispensasjon etter pbl. § 19-2. Dispensasjonssøknaden skal alltid vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 og kulturminnelova § 9. Det kan også vere aktuelt med vurdering etter folkehelselova og andre lover. Ei vurdering og samtykke frå kommunen som eigedomsforvaltar, VA-mynde, ureiningsmynde og vegmynde. Saman med eventuelle merknader frå naboar og regional mynde skal dette vurderast opp mot kriteria i pbl. § 19-2 og leie fram til tilråding for eller mot dispensasjon.

Kapittel III: Møtebehandling og kontakt med folkevalde

§ 3-1 Kven møter i utvala

Etter § 13-1 i kommunelova har rådmannen, anten sjølv eller ved andre, møte- og talerett i alle politiske organ unnateke kontrollutvalet. Rådmannen avgjer kven som møter for administrasjonen i møter i politiske organ.

Når eit saksframlegg er levert til politisk handsaming skal det vere tilstrekkeleg utgreidd. Når ein administrativ leiar tar ordet i eit folkevald organ, skjer dette etter at leiaren av organet spør om vedkomande kan svare på spørsmål som er reist eller om han eller ho har tilleggsinformasjon til det som ligg av saksframlegg. Administrasjonen skal difor i minst mogleg grad vere med i drøftinga av saka utover å kome med naudsynte faktaopplysingar og svare på spørsmål frå politikarane.

Politisk sekretariat har sekretærfunksjonen i kommunestyret, formannskapet og fagutvala, medan rådmannen utpeikar kven frå administrasjonen som har sekretærfunksjonen i dei lovpålagde råda i samsvar med [§ 3 i forskrift om medvirkningsordningar](#).

§ 3-2 Kontakt med politikarar

Alle sakshandsamarar i kommunen skal svare på spørsmål frå politikarar i sine saker. Har svaret betydning for saka skal alle medlemmar i det politiske organet få same svaret, og rådmann skal orienterast. Sakshandsamar møter i utvala når rådmannen ber om det.

Spørsmål ved saker til politisk handsaming:

- Sakshandsamar kan spørjast om avklaringar ved forståing av saka sitt innhald, men ikkje sitt personlege syn i saka
- Spørsmål om meir informasjon i ei sak skal rettast til politisk sekretariat
- Ny informasjon som er særst viktig for saka skal avklarast med rådmannen før utsending til representantane og leiar i organa. Slik informasjon skal journalførast i aktuell arkivsak.

§ 3-3 Møtedokumenta

Utforming av dei ulike møtedokumenta går fram av arkivrutinar for møte- og utvalshandsaming i kommunens arkivplan:

- [Møteinnkalling med sakliste](#)
- [Møtebok](#)

Nærmare reglar for føring av innkalling og møtebok går fram av reglementet for politiske organ i Aurland.

§ 3-4 Melding om vedtak

Når møteboka er protokollert, sender politisk sekretær ut melding til sakshandsamar og rådmannen om at saka er ferdig handsama og at vedtak er påført saka.

Sakshandsamaren sender så ut melding om vedtak til den det gjeld, med kopi til partane. Vedtaksbrevet vert produsert i kommunen sitt sak-/ arkivsystem. I saker det er klagerett på, skal dette opplysast om i meldinga om vedtaket. Opplysninga skal fortelje kven som er klageorgan, kva som er klagefrist og kven klagen skal sendast til.

§ 3-5 Vedtaksoppfølging

I politiske saker nyttar vi vedtakskoder. Vedtakskodene speglar tidslinja/status for dei politiske vedtaka. Politiske saker til handsaming vert etter møtet påført vedtakskode 10 – vedtak påført. Politisk sekretær påfører denne vedtakskoden på saka når møteboka er ferdig.

Sakshandsamar får saka opp i kurven vedtak påført. Sakshandsamar leggjer deretter fortløpande inn aktuell vedtakskode og merknad etter status for vedtaket:

20 – vedtak ekspedert, 30 - vedtak under arbeid , 40 - vedtak utført. Sakshandsamar har eigen kurv for kvar vedtakskode.

Rådmannen hentar ut rapport sortert på vedtakskode. Status for vedtak er del av tertialrapporteringa.

Referatsaker, delegerte saker og protokolltilførsel vert følgt opp via møtebok. Møtebok vert sendt til rådmann og sakshandsamarane.

Kapittel IV: Spesielt om administrative vedtak mm.

§ 4-1 Vedtaksmynde og ekspedering av vedtak

Gjennom delegasjonsreglementet har rådmannen fullmakt til å gjere vedtak i ein del saker av kurant karakter og av ikkje prinsipiell art, og etter særlov. Gjennom vidaredelegering er avgjerdsmynda overført til andre leiarar. Delegerte vedtak skal saksutgreiast på same måte som vedtak som skal godkjennast politisk. Eigen mal for saksframlegg skal nyttast, «Administrative vedtak».

Den enkelte som gjer vedtaket skal sjølv sende ut meldinga om vedtak til den det gjeld.

Administrative vedtak som skal rapporterast til politisk organ vert lagt fram på første møte. Kva som skal rapporterast går fram av delegeringsreglementet og interne rutinar. Administrative vedtak som skal rapporterast vert gjeve eige saksnummer. Det vert generert ei samlesak, "Delegasjonssaker", og aktuelle administrative vedtak vert lagt ved. Når det gjeld retten til å gjera om eit vedtak vert det synt til forvaltningslova § 35.

§ 4-2 Klage og klagebehandling

Enkeltvedtak kan påklagast til Statsforvaltaren eller til kommunalt klageorgan. Det er aktuell saksbehandlar sitt ansvar å informere den det gjeld om klageretten og gje nødvendig rettleiing.

Klagesaker som gjeld enkeltpersonar sine rettar etter opplæringslovverket, med unntak av saker som gjeld skuleskyss, og lovverket for helse-, omsorg og sosialsaker skal ikkje politisk behandlast. Slike klagesaker skal sendast Statsforvaltaren til avgjer viss ikkje den som har fatta vedtaket gjer dette om slik at grunnlaget for klagen fell vekk.

I saker til kommunalt klageorgan, skal det om det er praktisk mogleg brukast ein ny saksbehandlar i førebuinga av klagesaka, jf. kommunelova § 13-3, 2. avsnitt.

Kapittel V: Endringar og iverksetting

§ 5-1 Endringar

Desse reglane er fastsette av rådmannen, og eventuelle endringar blir gjort av rådmannen sjølv.

§ 5-2 Iverksetting

Reglane gjeld frå 17.03.2021



Andrea Fardal Opseth (NO) <andrea.opseth@pwc.com>

21/3487 Tilleggsnotat til klage på val av leverandør

1 e-post

Margunn Tolleshaug <Margunn.Tolleshaug@aurland.kommune.no>

6. mai 2021 kl. 09:20

Til: "andrea.opseth@pwc.com" <andrea.opseth@pwc.com>

Kopi: Tor Mikkel Tokvam <tormikkel@aurlandhavn.no>

Hei

Att. Kontrollutvalet i Aurland.

Kontrollutvalet er kopimottakar av vedlagt dokument, og arkivet sender jf. rutine.

Med helsing

Margunn Tolleshaug

Arkivleiar

+47 971 36 237



Aurland kommune
-det natlege valet

2 vedlegg



Tilleggsnotat til klage på val av leverandør -følgjebrev(514047).pdf

606K



Tilleggsnotat til klage på val av leverandør(514048).pdf

156K

Fra: NCOM SOGN <post@ncomsogn.no>
Sendt: tirsdag 4. mai 2021 09:31
Til: Tor Mikkel Tokvam <tormikkel@aurlandhavn.no>
Kopi: frode.bekkestad@redaoilfield.com
Emne: Tilleggsnotat

Viser til vedlegg med tilleggsnotat.

Kopi til Kontrollutvalet i Aurland kommune.

Mvh
Øyvind Nondal
NCOM

Telefon: 915 11 616
www.ncomsogn.no

Vi er Miljøfyrtårn-sertifisert!

Aurland Hamnevesen KF
v/ Tor Mikkel Tokvam

28.04.2021

Dykkar referanse 2021000448.

Klage – val av leverandør

Aurland Hamnevesen skriv i tildelingsbrev dagsett 26. april at dei har tildelt Reint oppdraget for reinhald i Gudvangen. Ut frå kriteria i anbudsgrunnlaget er vekta 80 % pris og 20 % kvalitet.

NCOM leverte beste pristilbod på 36 500,- kroner i snitt per måned. Nest best var det lokale Aurland-føretaket Reint med 37 300,- kr. Forskjellen mellom tilboda var 800,- kroner. Det er uvisst korleis Reint har greidd komme så nær vårt tilbod i pris, då tilbodet frå den tredje leverandøren var over 60 000,- kroner.

Hamnevesenet har i tildelingsbrev grunngeve valet av Reint som leverandør i kvalitetskriteriet med «fordelane i høve løysingsframlegget, kontrollfunksjon og kompetanse».

Ein «fordel» etter allmenn oppfatning betyr fortrinn, og hamnevesenet meiner at Reint har fortrinn når det gjeld løysing, kontroll og kompetanse, og har trekt NCOM 20 % på dette.

Vi meiner at hamnevesenet si vurdering er usakeleg og ikkje i tråd med eigne kriterier eller normer for bransjen. Dette er grunngeve nedanfor:

Løysingsframlegg

Eit «løysingsframlegg» må ta i dette tilfellet ta utgangspunkt i framlegg til reinhaldsplan og arbeidsplan, og sanitærservice. Ein slik plan skal angi omfang, innhald og kvalitetskrav slik definert i kriteria i anbudsdokumenta. Reinhaldsplan skal beskrive korleis regelmessig reinhald vert utført, kvalitetsnivå, areal og frekvens. I tillegg skal det beskrivast reingjeringsmiddel og metodar, og planen skal innehalde element som type utstyr om det vert nytta maskin eller manuelle metodar. Ein slik plan skal brytast ned til detaljnivå slik at reinhaldar i detalj veit kva som må gjerast frå dag til dag, og med kva reingjeringsmiddel.

NCOM si løysing er definert på side 22 flg. i tilbudsokumentet. Planane er detaljerte til månadsnivå etter oppdragsgevar sine frekvensar, og inneheld alt som er påkravd. Vidare følgjer side 31 og 38 som definerer reingjeringsmiddel og metodar, og side 32 for handsaming av avfall i tråd med kravspesifikasjon. Side 35 definerer sanitærservice i tråd med oppdragsgevar sine krav. I tilbod er det også skreve at lageret på Gudvangen ferjekai vil ha artiklar for minst ein månads forbruk.

NCOM har også tilbydd sanitærartiklar frå TORK som er marknaden beste og mest innovative produkt for høgtrafikkerte område, og får desse produkta levert av ein påliteleg leverandør.

Konklusjon: Vi har ikkje sett Reint sin reinhaldsplan og arbeidsplan eller plan for sanitærartiklar, men meiner at NCOM må vektast tyngt på løysingsframlegg sidan løysinga er i tråd med og oppfyller heile kravspesifikasjonen til punkt og prikke. Som minimum må leverandørane vektast likt 50/50 på dette punktet om Reint har levert like gode planar som NCOM. Om planane har papir eller elektronisk format har ingen relevans pga. teknologinøytralitet.

Kontrollfunksjon

Ein kontrollfunksjon gjeld visuelle og objektive målingar av kvalitet på reinhald, eigenkontroll av reinhaldar, sjekklister og system for avvik.

Det vert gjort merksam på at INSTA-800 er del av RHO3102/reinhaldsoperatørfaget der reinhaldsleiar har bestått eksamen.

I henhold til standard (INSTA 800) kan visuelle målingar gjerast fire ganger årleg der oppdragsgjevar saman med reinhaldsleiar gjennomfører befarung. Under ein visuell kontroll vil ein registrere ureinheitar mot kvalitetsprofil. Kontroll utførast på slik måte at dersom talet ureinheitar er større enn tillatt for profilen vil lokalet bli underkjent, og gjenstand for skjerpa kontroll. Vi kan ikkje sjå at Reint har noko fortrinn på dette punktet.

NCOM har i sitt tilbod presentert omfattande opplegg for kontroll. Sjå side 31 for innhald i reinhaldsrom, side 32 for handsaming av avfall og side 35 om sanitærservice i tråd med oppdragsgjevar sine krav. Vidare på side 36 er standard avviksmelding og side 37 sjekklister for reinhaldar. Vi minner også om dokument frå side 58 flg.

Reinhaldsleiar har erfaring med HMS og kontrollfunksjonar frå både vaskeridrift og reinhald i totalt elleve år, der sju år frå vaskeridrift og fire innan reinhald. NCOM har ingen pålegg frå verken Arbeidstilsynet eller andre offentlege etatar. Reinhaldsleiar har også økonomisk-administrativ høgskuleutdanning som omfattar fleire emner innan f.eks. HMS og internkontroll som er lovpålagt og viktig for sunt arbeidsmiljø.

Reint har fått pålegg av Arbeidstilsynet om å etablere bedriftshelseteneste (sak 2012/13819) og for manglande HMS-kort for reinhaldsbransjen (sak 2017/39645). Dei gjentekne pålegga med fleire års mellomrom tydar på at føretaket ikkje har sett seg inn i kva som er lovpålagt for næringa eller ikkje bryr seg, noko som også kan få følgjer også for hamnevesenet som oppdragsgjevar.

NCOM er Miljøfyrtårn-sertifisert.

Konklusjon: NCOM må vektast tyngst på kontroll.

Kompetanse

Vurdert kompetanse er her tilbydd reinhaldsleiar kompetanse som kan delast i realkompetanse (praktisk erfaring) og formalkompetanse (formell utdanning).

Reinhaldsleiar i NCOM har i realkompetanse sju år erfaring frå vaskeridrift og fire år erfaring innan regelmessig reinhald; alt innan høgtrafikkerte område. I formalkompetanse har reinhaldsleiar som relevant for oppdraget bestått reinhaldsoperatørfaget, høgare utdanning frå høgskule (bachelor) med leiarkompetanse som tillegg, og HMS-kurs. Reinhaldsleiar har også undervisningskompetanse jf. kurs for Alliance+.

Ut frå proff.no er Reint skipa i 2010 og har blanda drift frå vaskeri og reinhald. Reint er mykje mindre vaskeri enn Sogn Renseri og Vaskeri i Sogndal (no Nor Tekstil), og vi kan ikkje sjå at tilbydd reinhaldsleiar i Reint har tilsvarande kompetanse/erfaring med regelmessig reinhald av høgtrafikkerte område av tilsvarande omfang. Dette må telje i NCOM sitt favør.

Vi gjer også merksam på ein episode under synfaring 6. april i servicedelen til Nordic Venture-bygget der hamnesjef Tor Mikkel Tokvam frå Aurland Hamnevesen deltok saman med dagleg leiar Bjørn Harald Grymyr Djønne og Rumen Savchev frå Reint. På herre- og dametoalett var det montert bidet med slange, men verken Djønne eller Savchev forstod det var bidet. Djønne spurte om slangen med handgrep «skulle brukast til å reingjere toalettet med». Dette kan umogleg gi kompetansmessig fortrinn.

Vidare inne på dusjanlegget stilte hamnesjef Tokvam spørsmål til Djønne om vinyl var bra der. Djønne svarte med at golvet kunne bli slitt og ikkje vedlikehaldast sidan det var vinyl. Det er ikkje rett, då slike golv kan tørrpolerast eller vedlikehaldast med UV-lakk. Dette bør heller ikkje gi kompetansmessig fortrinn.

Det var også reinhaldsleiar i NCOM som identifiserte golvtypen i Nordic Venture-bygget til (klikk)vinyl.

Konklusjon: NCOM må vektast tyngst på kompetanse. Vi har meir og lenger kompetanse med reinhald på høgtrafikkerte område, der oppdragsgjevar treng rett kompetanse. Reint avslørte manglande kompetanse i eige fag, og dette må telje negativt.

Spørsmål vedrørande habilitet

Vi stiller spørsmål ved at Tor Mikkel Tokvam og Bjørn Harald Grymyr Djønne begge har rollar i Aurland brannvern og har hatt slike i fleire år.

Spørsmål om habilitet må vera avklart for at sakshandsaminga ikkje skal bli ugyldig. Eit utdrag frå lovdata seier at:

(...) Det er flere hensyn som taler for at den som har egeninteresse i utfallet av en sak, eller som har et nært slektskap eller vennskap til noen av partene, ikke bør behandle eller avgjøre vedkommende sak: For det første kan det være fare for at vedkommende vil opptre partisk. For det andre er det av stor betydning at folk har tillit til at tjenestemenn opptre upartisk. Og for det tredje tjener habilitetsreglene til å beskytte tjenestemenn mot utilbørlig press utenfra.

Reglene om habilitet har sammenheng med prinsippet om at det ikke må tas utenforliggende hensyn. Habilitetskravet gjelder ikke bare den tjenestemann som skal treffe avgjørelse i en sak, men også for den eller de som bareskal utrede eller forberede saken. (...)

Med dette forstås at ein inhabilitet hjå den som har førebudd og eventuelt avgjort saka kan medføre sakshandsamingsfeil som lett leier til ugyldigheit.

Det følgjer av forvaltningslova § 8 at om ein part krevjer det skal spørsmålet føreleggast den næraste overordna for avgjerd. Dersom hamnesjef Tokvam er ugild vil også Jon Olav Stedje vere det som underordna. Det følgjer av tredje ledd:

(...) Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.(...)

Vi viser til konklusjon ovanfor og anmodar om at NCOM vert vald som leverandør av reinhaldstenester i Gudvangen.

I motsett fall ber vi om habilitetsvurdering av Tor Mikkel Tokvam av hans overordna og ber hamnevesenet dokumentere og samanstille, og grunngi spesifikt kva «fortrinn» Reint måtte ha i høve dei tre oppstilte punkta og som utgjir 20 % vekt og vise korleis dei var vekta på tidspunktet for tildeling.

Med helsing
Øyvind Nondal
reinhaldsleiar

Aurland Hamnevesen KF
v/ Tor Mikkel Tokvam

04.05.2021

Tilleggsnotat - brot på reglane om karenperioden

Det visast til sak med dykkar referanse 2021000448 og klage datert 28.04.2021.

Dette tilleggsnotatet er å forstå som eit tillegg til brev av 28.04.2021 og sendast styret i hamnevesenet til handsaminga av habilitetsvurdering av Tor Mikkel Tokvam.

Brot på karenperioden

Bjørn Harald Grymyr Djønne og Rumen Savchev frå firmaet Reint låste seg inn i servicebygg på Gudvangen ferjekai måndag 3. mai kl. 10:20 og utførte arbeid der. Karenperioden utgår 10. mai. Hamnesjef Tokvam har utlevert nøklar til Reint ved Djønne og på slik måte sett i gang kontrakten ved aksept før karenperioden er utgått.

Det visast lova om offentlege anskaffingar:

«Brudd på reglane om karenperioden, eksempelvis ved at oppdragsgiveren inngår kontrakt før utløpet av perioden eller setter karenperioden kortere enn minimumsfristen, kan gi grunnlag for at retten kan idømme sanksjoner, jf. anskaffelsesloven § 13 og § 14. Sanksjonene er at kontrakten kan bli kjent uten virkning»

Dette er å forstå som at Tokvam med vilje har brote lova om offentlege anskaffingar. Det er gjort fleire overtredelser: 1) Kontrakten er sett i verk før styret i hamnevesenet har vurdert habilitet etter anmodning frå leverandør 2) Leverandøren mistar sine moglegheiter til å ivareta sine interesser. Framferda til Tokvam viser at han har ingen intensjon om å realitetshandsame ei klage.

I klage datert 28.04 er det gjort greie for fleire punkt som framstår som urimelige og det visast til KOFA-sak 2013/21 og KOFA-sak 2014/42 om grunngjevingar. Spesifikt gjeld det desse punkta:

- NCOM vart trekt 1 poeng for «bemanning» målt mot «omfanget av oppdraget». Oppdraget er hovudsakleg toalettvaske på 20-30 minutt dagleg. Arbeidsomfanget er svært lågt. Vi kan stille med i alle fall 4 personar til denne jobben inkludert vikar. Det må vera tilstrekkeleg. I tillegg er NCOM den einaste leverandøren med lang erfaring på høgtrafikkerte område, noko Tokvam har utelete.
- Tokvam har gitt Reint 1 poeng for å bruke NHOs «E-penn». Det er lov om teknologinøytralitet og vår papirbaserte løysing er like god som og oppfyller akkurat det same som E-penn måtte gjere. NHOs «E-penn» er ei nettside/skjema med digitalisert utgåve av den papirbaserte. Begge system inneheld det same som INSTA-800 standarden.

- INSTA-800 vert organisert som bedriftsinternt kurs hjå dei fleste reingjeringsfirma og NCOMs reinhaldsleiar har undervist i denne standarden for reinhaldarar i andre firma som del av 'forkurs til fagrev i reinhaldsoperatørfaget'. Bedrifter skriv ut kursbevis sjølv til deltakarar, og difor er det urimeleg å trekke poeng på dette.

Øyvind Nondal
reinhaldsleiar



Andrea Fardal Opseth (NO) <andrea.opseth@pwc.com>

VS: Reinhald Gudvangen

1 e-post

Frode Bekkestad <frode.bekkestad@redaoilfield.com>
Til: "Andrea Fardal Opseth (NO)" <andrea.opseth@pwc.com>

25. mai 2021 kl. 22:48

Hei

Sak mottatt som KU-leder.

Mvh

Frode

Fra: NCOM SOGN <post@ncomsogn.no>
Sendt: mandag 10. mai 2021 23.47
Til: frode.bekkestad@redaoilfield.com
Emne: Reinhald Gudvangen

Hei

Fekk denne habilitetsvurderinga nettopp. Virkar som at styret også er samrøysta på å kjøpe lokalt jf. e-post mellom styremedlem Therese Turild og resten av styret, med unntak av Frode Aas Tuft (som mulig har avstått å røyste).

Vi kan ikkje gjere meir med dette no når kontrakten er signert. Det er trist fordi vi har fastbuande i Gudvangen som kunne utføre arbeidet. Det er openbart at hamnevesenet driv ei form for direkte anskaffelsar hjå same føretak og er ikkje interessert i å bytte leverandør. Også Aurland kommune har direktekjøpt ei rekkje tenester der som m.a. vask av vindauge og anna. Slik er det kanskje i små lokalsamfunn.

Går kontrollutvalet inn i saka er tidspunkt for levering av tilbod uansett eit punkt å undersøkje.

8. mai 2021 kl. 14:11 skrev Therese Turlid <tturlid@hotmail.no>:

God dagen.

Slik eg tydar dette så kan eg ikkje sjå at hamnesjefen er inhabil i samband med tildeling av kontrakt for reinhaldet i Gudvangen.
Viss dykkar felles interesse i brannvesenet skal ha noko inverknad her, så vil det verte vanskeleg med habilitet spørsmål for mange i ei lita bygd som Aurland.

Eg har ikkje heilt fått tak i kvar dette selskapet NCOM held til, men for meg er det ogso viktig at Hamnevesenet nyttar lokale tenester so langt det let seg gjere, sjølv sagt innafor rimlegheita. 😊

So mitt standpunkt er at hamnesjefen ikkje er inhabil i denne saken.

Ha ei fin fin helg.

Mvh
Therese Turlid

Mvh

Øyvind Nondal

NCOM

Telefon: 915 11 616

www.ncomsogn.no

Vi er Miljøfyrtårn-sertifisert!

 2020.05.10 Reinhald Gudvangen.pdf
728K



Aurland kommune

Aurland Hamnevesen

Aurland, 10.05.2021

Ncom Sogn Maryna Domalevska
Øvstedalsvegen 22
6858 FARDAL

Vår ref.
2021000448-11

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Tor Mikkel Tokvam, 41202088

Arkiv
K3-&49, K3-&41 -
Anbod, tilbod

Reinhald Gudvangen - Svar på klage på val av leverandør

Aurland hamnevesen KF (Oppdragsgjevar) syner til NCOM Sogn Maryna Domalevska (Klagar) sin klage på val av leverandør av 28.04.2021, samt tilleggsnotat til klage av 04.05.2021.

Klagar har reist spørsmål kring habiliteten til hamnesjefen i saka. Habilitetsspørsmålet er handsama av Aurland hamnestyre. Juridisk vurdering frå Aurland kommune fulgte saka. Sakshandsaminga følgjer vedlagt, og hamnesjefen er funnen habil i saka.

Hamnesjefen handsamar følgjeleg klagen vidare for Oppdragsgjevar:

Oppdragsgjevar kan omgjere avgjerd om tildeling fram til kontrakt er inngått, dersom avgjerda ikkje er i samsvar med anskaffelsesregelverket, jf. § 10-1 tredje ledd og § 25-1 fjerde ledd.

Klagen legg til grunn usemje kring vurdering av kriteria for kvalitet. I høve konkurransegrunnlaget er kvalitet brutt opp i tre element:

- Løysingsforslag for oppretthalding av rett kvalitet i høve oppgjevne spesifikasjonar (forståing, rutinar, organisering)
- Utføring av inspeksjonar, avvikshandsaming og rapportering
- Tilbydd reinhaldsleiar sin relevante erfaring frå reinhald, samt leiingskompetanse

I høve løysingsframlegget er Klagar trekt eitt poeng for kapasitet til å gjennomføre oppdraget. Oppdraget gjeld reinhald inntil to gonger per kalendardag, 365 dagar i året. I Klagar sitt tilbod vert det synt til to tilsette i verksemda, og at det ikkje ligg føre avtale med underleverandørar. I klagen vert det lagt til grunn å disponere minimum fire personar inkludert vikar, og at arbeidsomfanget er svært lågt. Oppdragsgjevar legg til grunn at Klagar i mindre grad har synt kapasitet til å sikre leveringssikkerheit på oppdraget samanlikna med beste tilbydar. Vidare at dette basert på eit innkjøpsfagleg skjønn gjer utslag i vurderinga og inneber trekk på eitt poeng jf. beste tilbydar. Vidare peikar Klagar på sin eksklusive erfaring med reinhald av høgtrafikkerte område. Oppdragsgjevar legg til grunn at også konkurrenten har erfaring med dette. Oppdragsgjevar legg uansett ikkje til grunn at det føreligg nokon skilnad mellom tilbydarane på dette punktet. Oppdragsgjevar står difor fast på vurderinga for løysingsframlegg.

For utføring av inspeksjonar, avvikshandsaming og rapportering krev Klagar teknologinøytralitet. Oppdragsgjevar legg til grunn at tilboda er vurdert frå ein teknologinøytral ståstad. Tilbydd papirskjema er i hovudsak vurdert likt med bruk av NHO sin E-penn. I høve Klagar sitt tilbod vurderer oppdragsgjevar at avvikshandsaming og

Postadresse:	Telefon: 57 63 29 00	Bankgiro: 3745.07.00046	E post: post@aurland.kommune.no
5745 AURLAND	Telefaks: 57 63 29 01	Konto: 6345 06 14213	Heimeside: www.aurland.kommune.no
	:	skatt:.	

rapportering tilbake til oppdragsgjevar framstår noko mangelfull. Bruk av E-penn inneber at dette sikrast gjennom høve til utdrag av kvalitetsrapportar og annan relevant dokumentasjon direkte til kunde. Oppdragsgjevar har vurdert dette til å utgjere eitt poeng trekk relativt til beste tilbydar, og står fast på denne vurderinga.

I høve tilbydd reinhaldsleiar sin relevante erfaring frå reinhald, samt leiingskompetanse, er Klagar trekt 1.5 poeng. Årsaka til dette er Klagar sin mangel på bestått fagbrev på tilbydd reinhaldsleiar, samt relativt kortare erfaring innan reinhald. Oppdragsgjevar står fast på vurderinga for dette punktet.

Vidare vert det i klagen synt til to saker handsama i Klageorgan for offentlege anskaffingar (KOFA), sak 2013/21 og 2014/42. Oppdragsgjevar vil bemerke at i desse sakene har klagar sine anførslar ikkje ført fram.

På dette grunnlag står Oppdragsgjevar fast på val av leverandør, og tildelinga vert ikkje gjort om.

Oppdragsgjevar vil uansett oppmode om deltaking i anbodskonkurranse i regi av Aurland hamnevesen KF ved neste høve.

Med helsing

Tor Mikkel Tokvam
Hamnesjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

- 10.05.2021 Kontraktstildeling Reinhald Gudvangen - handsaming av spørsmål om habilitet
- 10.05.2021 Vurdering av habilitet



Arkivsaknr.:
2021000493-1

Arkiv

Sakshandsamar
Guri Olsen, 95984663

Dato
07.05.2021

Vurdering av habilitet Tor Mikkel Tokvam

Undertegnede er bedt om å vurdere habiliteten til havnesjefen i forbindelse med en anskaffelse på renholdstjenester, og har ikke gått inn i selve anskaffelsen og vurderingene rundt tildelingen. Det er bare anførselen om habilitet som er vurdert.

Anførsel

I forbindelse med klage på anskaffelse av renholdstjenester i Aurland Havnevesen KF har klager bedt om vurdering av havnesjef Tor Mikkel Tokvam sin habilitet. Grunnlaget for vurderinger er følgende; «Vi stiller spørsmål ved at Tor Mikkel Tokvam og Bjørn Harald Grymyr Djønne begge har rollar i Aurland brannvern og har hatt slike i fleire år.»

Rettslig grunnlag

Forvaltningsloven kapittel 2.

Fvl § 6 1. ledd omhandler direkte habilitet, og anførselen kommer ikke inn under opplistingen i dette ledd.

Vurderingen må da foretas opp i mot fvl § 6 2. ledd "andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til ens upartiskhet."

Den aktuelle sak gjelder tildeling av renholdstjenester i Aurland Havneveset KF etter gjennomfør anbudsrunde.

Fakta

Tor Mikkel Tokvam har gitt følgende informasjon om forholdet mellom ham og Bjørn Harald Djønne, som er daglig leder i Reint AS

Tor Mikkel Tokvam er deltidsansatt i brannvesenet i Aurland kommune, som varabrannsjef / overbefal.

Bjør Harald Djønne er deltidsansatt i brannvesenet i Aurland, som brannkonstabel / sjåfør i 3.37%stilling.

Aurland Havenvesen KF har i dag avtale om renholdstjenester med Reint AS:

Tor Mikkel Tokvam informerr om at der ikke er noen privat relasjon mellom ham og Bjørn Harald Djønne.

Aurland kommune er en liten kommune på 1780 innbyggere. Brannvesenet er organisert som deltidsbrannvern med 20 personer. Dette betyr at alle har full jobb, og har små deltidsstillinger i brannvesenet i tillegg. Disse stillingsstørrelsene er på under 5%. Ved utrykninger går alarmeren til alle, slik at alle som har mulighet til å rykke ut, da rykker ut til aktuell hendelse.

De har 1 brannsjef, 2 overbefal, 4 utrykningsleiarar og 14 brannkonstablar.

Tor Mikkel Tokvam er ansatt som varabrannsjef i 0% stilling. Han har ikke personalansvar, men vil ha operativt ansvar under hendelser på hans vakt.

Vurdering

Reglene om habilitet i forvaltninger er viktige for forvaltningens integritet og troverdighet utad.

Innbyggerne og aktørene som er i dialog med forvaltningen skal ha tiltro til at de får en upartisk og forsvarlig behandling av de oppgaver forvaltningen er satt til å forvalte.

Ved vurdering av habilitet skal det blant annet vektlegges om avgjørelsen vil innebære en «særlig fordel, tap eller ulempe» for tjenestemannen selv, eller noen denne er nært personlig knyttet til. Det skal også vektlegges at habilitetsinnsigelsen er reist av en part.

Loven ordlyd krever at det skal foreligge «særegne forhold». I dette ligger at forhold eller knytninger mellom partene ikke er nok.

Det skal videre legges vekt på om forholdet er «egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet.» I dette ligger hvordan de særegne forholdene fremstår utad. Det skal bygges på objektiv konstaterbare forhold.

I arbeidet i aurland brannvesen inngår begge parter som en del av et team på 20 personer. Et slikt team må fungere som gruppe der alle er trygge på hverandre, i forhold til de oppgaver som skal utføres i forbindelse med utføringen av arbeidet innenbrann og redning. Tor Mikkell Tokvam har ingen påvirkning på hvor mye Bjørn Harald Djonne får jobbe. Når brannalarmen går, så kommer alt befall så hurtig som de har mulighet til å rykke ut. Noe som er kjernen i et frivillig deltidsbrannvesen som Aurland kommune har.

Aurland er et lite lokalsamfunn, der «alle kjenner alle». Dette vil særlig være gjeldende for personer, i all hovedsak yngre menn, som er i målgruppen for å være deltidsbrannmenn.

Lovavdelingen har uttalt (jdlov-2008-532) at «nærmt samarbeid i tjenesten vil normalt ikke føre til inhabilitet. Det gjelder etter vårt syn som utgangspunkt selv om samarbeid strekker seg over tid og er omfattende»

Undertegende vurderer at der foreligger forhold mellom partene, men at disse forhold ikke ut i fra de opplysninger som foreligger kan bli definert som særegne, slik at det på et lite sted som Aurland kan føre til habilitet. Forholdet mellom Tokvam og Djonne er et faglig forhold der de er kollegaer i et lite lokalt deltidsbrannvesen i en liten kommune. For havnesjefen foreligger der heller ingen personlig vinning i det å tildele en kontrakt på renholdstjenester. I tildeling av kontrakt etter regelverket rundt offentlige ansaffelser vil der være andre kriterier som er avgjørende for tildelingen.

Konklusjon

Forholdet mellom Tor Mikkell Tokvam og Bjørn Harald Djonne kommer ikke inn under bestemmelsen i forvaltningsloven § 6 2.ledd om «særegne forhold» som gri grunnlag for inhabilitet. Tor Mikkell Tokvam er habil.

Guri Olsen
Tenesteleiar for helse og førebygging

Fra: Tor Mikkel Tokvam <tormikkel@aurlandhavn.no>
Sendt: mandag 10. mai 2021 17.06
Til: Tor Mikkel Tokvam
Emne: VS: Re: Kontraktstildeling Reinhald Gudvangen - spørsmål om habilitet

Regards / Med helsing

Tor Mikkel Tokvam

| Port Director | Aurland Hamnevesen KF | mob: +47 41 20 20 88 | www.flamport.com |

Fra: Noralv Distad <Noralv.Distad@vlfk.no>
Sendt: lørdag 8. mai 2021 18:41
Til: Olav J Ellingsen <olav.ellingsen@privat.alb.no>; marianne Holme <marianneholme@hotmail.com>; Therese Turlid <tturlid@hotmail.no>
Kopi: Tor Mikkel Tokvam <tormikkel@aurlandhavn.no>; tuffe@tuffe.com
Emne: SV: Re: Kontraktstildeling Reinhald Gudvangen - spørsmål om habilitet

Like så.
Noralv Distad

Fra: Olav J Ellingsen <olav.ellingsen@privat.alb.no>
Sendt: lørdag 8. mai 2021 17:45
Til: marianne Holme <marianneholme@hotmail.com>; Therese Turlid <tturlid@hotmail.no>
Kopi: Tor Mikkel Tokvam <tormikkel@aurlandhavn.no>; Noralv Distad <Noralv.Distad@vlfk.no>; tuffe@tuffe.com
Emne: Sv: Re: Kontraktstildeling Reinhald Gudvangen - spørsmål om habilitet

Hei
Eg røystar for at Hamnesjefen er habil!
Olav J Ellingsen

----- Original melding -----

Fra: "marianne Holme" <marianneholme@hotmail.com>
Til: "Therese Turlid" <tturlid@hotmail.no>
Cc: "Tor Mikkel Tokvam" <tormikkel@aurlandhavn.no>; "olav.ellingsen@privat.alb.no" <olav.ellingsen@privat.alb.no>; "Noralv Distad" <Noralv.Distad@vlfk.no>; "tuffe@tuffe.com" <tuffe@tuffe.com>
Sendt: 08.05.2021 15.01.12
Emne: Re: Kontraktstildeling Reinhald Gudvangen - spørsmål om habilitet

Hei - det er gjort ein vurdering som eg stiller meg bak. Havnesjefen er habil.

Mvh
Marianne

Sendt fra min iPhone

8. mai 2021 kl. 14:11 skrev Therese Turlid <tturlid@hotmail.no>:

God dagen.

Slik eg tydar dette så kan eg ikkje sjå at hamnesjefen er inhabil i samband med tildelinga av kontrakt for reinhaldet i Gudvangen.

Viss dykkar felles interesse i brannvesenet skal ha noko inverknad her, så vil det verte vanskeleg med habilitet spørsmål for mange i ei lita bygd som Aurland.

Eg har ikkje heilt fått tak i kvar dette selskapet NCOM held til, men for meg er det også viktig at Hamnevesenet nyttar lokale tenester so langt det let seg gjere, sjølv sagt innafor rimlegheita. 😊

So mitt standpunkt er at hamnesjefen ikkje er inhabil i denne saken.

Ha ei fin fin helg.

Mvh

Therese Turlid

Fra: Tor Mikkel Tokvam <tormikkel@aurlandhavn.no>

Sendt: fredag 7. mai 2021 17:25

Til: 'olav.ellingsen@privat.alb.no' <olav.ellingsen@privat.alb.no>; Noralv Distad <Noralv.Distad@vlfk.no>; 'marianneholme@hotmail.com' <marianneholme@hotmail.com>; 'tuffe@tuffe.com' <tuffe@tuffe.com>; 'Therese Turlid' <tturlid@hotmail.no>

Emne: Kontraktstildeling Reinhald Gudvangen - spørsmål om habilitet

Hei,

Spørsmål om hamnesjefen sin habilitet er reist av NCOM Sogn Maryna Domelevska i samband med tildeling av kontrakt for reinhaldstenester. Saka gjeld hamnesjefen sin relasjon til Bjørn Harald Djønne, dagleg leiar i Reint AS, som er tildelt kontrakten.

Vurdering av habilitet frå juridisk rådgjevar i Aurland kommune er lagt ved, saman med klage og tilleggsnotat til klage frå NCOM Sogn Maryna Domalevska.

Sak (i e-post under) vert sendt til Hamnestyret for avgjersle av habilitetsspørsmålet.

Regards / Med helsing

Tor Mikkel Tokvam

| Port Director | Aurland Hamnevesen KF | mob: +47 41 20 20 88 | www.flamport.com |

Fra: Guri Olsen <Guri.Olsen@aurland.kommune.no>
Sendt: fredag 7. mai 2021 17:03
Til: Tor Mikkell Tokvam <tormikkell@aurlandhavn.no>
Emne: 21/3583 Svar på spørsmål om vurdering av habilitet

Me syner til vedlagte saksdokument som berre vert sendt elektronisk.

Fra: Tor Mikkell Tokvam
Sendt: torsdag 29. april 2021 08:57
Til: Guri Olsen <Guri.Olsen@aurland.kommune.no>
Kopi: Steinar Sjøgaard <steinar.sogaard@aurland.kommune.no>
Emne: VS: Klage

Dette er ein førespurnad om ei kort vurdering av hamnesjefen sin habilitet som kan følgje saka til næraste overordna, som i hamnesjefen sitt tilfelle er hamnestyret.

Saka gjeld:

Habilitet i høve offentleg anskaffing av reinhaldstenester for Aurland hamnevesen KF, der eg er hamnesjef og ansvarleg for anskaffinga. Reint AS er tildelt kontrakten, der Bjørn Harald Djønne er dagleg leiar. Hamnesjefen har ikkje sagt seg ugild, men tredjepart, NCOM Maryna Domalevska, reiser no spørsmålet jf. fvl. § 8.

Relasjon:

Eg er deltidstilsett i brannvernet i Aurland kommune som varabrannsjef/overbefal. Bjørn Harald Djønne er deltidstilsett i brannvernet i Aurland kommune som brannkonstabel/sjåfør.

Aurland hamnevesen KF har også eksisterande avtale om reinhaldstenester med Reint AS.

Eg har for ordens skuld ingen privat relasjon til Bjørn Harald Djønne.

Bakgrunn:

I vedlagt klage på offentleg anskaffelse er følgjande lagt til grunn frå klagar om habilitet:

Spørsmål vedrørande habilitet

Vi stiller spørsmål ved at Tor Mikkell Tokvam og Bjørn Harald Grymyr Djønne begge har rollar i Aurland brannvern og har hatt slike i fleire år. Spørsmål om habilitet må vera avklart for at sakshandsaminga ikkje skal bli ugyldig. Eit utdrag frå lovdata seier at:

(...) Det er flere hensyn som taler for at den som har egeninteresse i utfallet av en sak, eller som har et nært slektskap eller vennskap til noen av partene, ikke bør behandle eller avgjøre vedkommende sak: For det første kan det være fare for at vedkommende vil opptre partisk. For det andre er det av stor betydning at folk har tillit til at tjenestemenn opptrer upartisk. Og for det tredje tjener habilitetsreglene til å beskytte tjenestemenn mot utilbørlig press utenfra. Reglene om habilitet har sammenheng med prinsippet om at det ikke må tas utenforliggende hensyn. Habilitetskravet gjelder ikke bare den tjenestemann som skal treffe avgjørelse i en sak, men også for den eller de som bareskal utrede eller forberede saken. (...)

Med dette forstås at ein inhabilitet hjå den som har førebudd og eventuelt avgjort saka kan medføre sakshandsamingsfeil som lett leier til ugyldigheit. Det følgjer av forvaltningslova § 8 at om ein part krevjer det skal spørsmålet føreleggast den næraste overordna for avgjerd. Dersom hamnesjef Tokvam er ugild vil også Jon Olav Stedje vere det som underordna. Det følgjer av tredje ledd:

(...) Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.(...)

Vi viser til konklusjon ovanfor og anmodar om at NCOM vert vald som leverandør av reinhaldstenester i Gudvangen. I motsett fall ber vi om habilitetsvurdering av Tor Mikkel Tokvam (...)

Regards / Med helsing

Tor Mikkel Tokvam

| Port Director | Aurland Hamnevesen KF | mob: +47 41 20 20 88 | www.flamport.com |

Fra: NCOM SOGN <post@ncomsogn.no>

Sendt: onsdag 28. april 2021 10:53

Til: Tor Mikkel Tokvam <tormikkel@aurlandhavn.no>

Emne: Klage

Viser til vedlegg.

Ber om stadfesting på det er motteke.

Mvh
Evind Nondal
NCOM

Telefon: 915 11 616
www.ncomsogn.no

Vi er Miljøfyrt -sertifisert!

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett		2020
Område		
Kontrollutvalet		87 000
Sekretariatet		181 512
Finansiell revisjon		200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon		200 000
Kjøp av selskapskontroll		50 000
Kjøp at tenester til utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll		80 000
TOTALT		798 512

Vedteke budsjett for 2020		
Budsjett kontrollutvalet		268 500
Budsjett revisjon		530 000
Sum		798 500

Konklusjon er at kontrollutvalet er innanfor sine budsjetterte midlar i 2020	113 159
---	----------------

Reknskapsført 2020	Kommentar
73 367	
187 389	Tilleggsfaktura på kroner 7698,- for arbeid med utlysning av anbud på revisjon, i samsvar med vilkåra i avtalen om sekretariatsfunksjonen.
194 639	
182 779	
79 000	
717 174	

260 756	
724 585	Inkl. 300 000 frå Simas revisjon som skal belastast dei 6 andre kommunane.
985 341	
300 000	Fråtrekt dei 300.000 vist til over
685 341	



Aurland Kommune
Vangen 1
5745 Aurland

Faktura

Fakturanr.: 41010098
Kundenr: 03607824
Deres ref: Fakturamottak
Vår ref: Jan Flølo
Fakturadato: 22.03.2021
Forfallsdato: 11.04.2021
Bankkonto: 90441089170
KID: 410100983
Å betale: NOK 233 096

Beskrivelse	NOK
Fakturering av tilleggsarbeid i samsvar med vilkåra i avtalen om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i Aurland kommune.	
Sakførebuing i høve til utgreiing av spørsmål om det er behov for granskning - basert på vedtak i kommunestyret i sak 97/20, den 10.12.2021. Innhenting av omfattande grunnlagsdokumentasjon både skriftleg og ved gjennomføring av møter i Aurland den 11.1.21. Utarbeiding av saksnotat med vedlegg. Utarbeiding av vurderingar knytt til habilitet for rådmann. Gjennomføring av ekstraordinært møte i kontrollutvalet 20.1.21. Oppfølging etter møtet og oversending av saka til kommunestyret. Arbeidet er utført av Andrea Fardal Opseth, Harald Mo og Linn Terese Nyhamn Engvik. Totalt 120 timar. Timepris kr 1316.	157 920
Ekstraarbeid knytt til innsynskrav frå advokat Sigurd Klomsæt. Utredning av spørsmål om innsynsrett. Arbeid med svar til advokat Klomsæt. Tilrettelegging av innsyn. Totalt 21,7 timar. Timepris kr 1316.	28 557
Total	186 477

Spesifikasjon av MVA	Grunnlag	MVA	Inklusive MVA NOK
Pliktig (25%)	186 477	46 619	233 096
		Å betale	233 096

Leverandørinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS
Postboks 375
NO-6801 Førde

Telefon: 02316 (+47 95260000)
Epost: accountsreceivable.no@pwc.com
Foretaksregisteret: 987009713MVA

Betalingsdetaljer

Handelsbanken Bankkonto: 90441089170
Postboks 277 Skøyen IBAN: NO5390441089170
0213 Oslo, Norway SWIFT/BIC: HANDNOKK

Ved forsinket betaling benyttes den til enhver tid gjeldende sats fastsatt av Finansdepartementet.



Andrea Fardal Opseth (NO) <andrea.opseth@pwc.com>

KU Sak 11 - Budsjett til forvaltningsrevisjon- forberedelse av sak til junimøtet

1 e-post

Frode Bekkestad <frode.bekkestad@redaoilfield.com>

3. mai 2021 kl. 21:02

Til: "Harald Mo (NO)" <harald.mo@pwc.com>

Kopi: "Andrea Fardal Opseth (NO)" <andrea.opseth@pwc.com>, kjnordgu@online.no, sirilarsenramsy@yahoo.no, erna_us_ynwa@hotmail.com, Kristoffer Ullern Hansen <ullhans1@online.no>

Hei Harald

Viser til dagens telefonsamtale.

Vi ble enige om at det er formelt ok at jeg som KU-leder presiserer hva vi forventer fremlagt i KU's juni møte knyttet opp til påståtte overskridelser i KU's budsjetter for 2020 og frem til nå i 2021. Jeg kopierer inn de øvrige KU-medlemmene på denne e-posten.

Viser til protokoll fra møte i KU 27.4.2021 der kontrollutvalget ber om en status på sekretariatet sin ressursbruk hittil i år til neste møte i juni.

Med et knappest mulig flertall i kommunestyremøte 29 april (Sak 032/21-21/2894 – Budsjett kontrollutvalg 2021- ny vurdering), ble det vedtatt å ikke bevilge kr 250.000 i henhold til kontrollutvalgets budsjett for forvaltningsrevisjon (Teknisk sektor) i 2021.

I formannskapssak 023/2021 den 22.4.2021 der kontrollutvalgets budsjett ble vurdert og behandlet på nytt (H/AP stemte for å ta midlene inn igjen, mot stemmene til SP/MDG), påstår rådmannen at Aurland kommune har mer en doblet timeforbruket til sekretariatet så langt i denne valgperioden og at aktiviteten er svært høy. Han viser til at det er dobbelt så mye tidsbruk i Aurland kommune sammenliknet med andre kommuner som nåværende sekretariat har oppdrag for.

Under behandling av saken i kommunestyret 29 april hevder rådmannen på nytt at utgiftene til kontrollutvalgets hadde en sprekk i 2020 og at det ligger an til en sprekk også i 2021. Han viser også til at det er utlevert et regnskap til kommunestyrets medlemmer som viser denne sprekken.

Videre gir også ordføreren i samme møte uttrykk for det høye forbruksnivået i KU . Han kan ikke vise til direkte tall, men har en e-post som viser hva som er brukt. Jeg vil anbefale sekretariatet å følge sakens behandling på Kommune TV.

Slik denne saken har utviklet seg er det avgjørende viktig at KU til møtet i juni får seg fremlagt en detaljert oversikt over følgende:

- Sekretariatet sin ressursbruk og fakturerte utgifter i 2020 i forhold til budsjettet for 2020
- Sekretariatet sin ressursbruk og fakturerte utgifter frem til utgangen av april 2021 og forventet ressursbruk resten av året 2021 i forhold til budsjettet for 2021
- Avstemming av sekretariatet sitt regnskap **knyttet opp til kommunen sitt regnskap og bokføring både for 2020 og 2021**, og det som både rådmann og ordfører henviser til som overforbruk og sprekk – ref ordføreren sin egen uttalelse i kommunestyremøte der han viser til en e-post om det som skal være brukt. Hva er dette slags e-post? Er det en epost basert på sekretariatet sin oversikt eller er det en intern e-post basert på kommunens egen økonomiavdeling ? Og hvorfor er der uoverenstemmelser i rådmannen og ordføreren sin kommunikasjon i kommunestyret der rådmann hevder at regnskap er utlevert til representantene, mens ordfører sier at han kun har dette på e-post?
